




Voss herad

# Kommunal strategi for tilskotsordningane Spesielle miljøtiltak i jordbruket (SMIL) og Tiltak i beiteområde, Voss herad

For perioden 2025 – 2028





## Innhold

|                                                                      |    |
|----------------------------------------------------------------------|----|
| Bakgrunn for kommunal tiltaksstrategi .....                          | 3  |
| Spesielle miljøtiltak i landbruket (SMIL) .....                      | 4  |
| Utfordringar Voss.....                                               | 4  |
| Føremål .....                                                        | 4  |
| Hovudmål (jf. regionalt miljøprogram RMP): .....                     | 4  |
| Målformuleringar .....                                               | 5  |
| Tematiske prioriteringar av ordningar/tiltak .....                   | 5  |
| Val av særskilde tema-år: .....                                      | 8  |
| Retningsgivande tilskotssatsar for berekning av SMIL-kostnader ..... | 8  |
| Timesatsar: .....                                                    | 9  |
| Søknadsfrist for SMIL .....                                          | 9  |
| Tilskot til tiltak i beiteområde .....                               | 9  |
| Føremål .....                                                        | 9  |
| Beitebruk i Voss.....                                                | 10 |
| Utfordringar .....                                                   | 10 |
| Målformuleringar .....                                               | 10 |
| Tematiske prioriteringar av ordningar/tiltak .....                   | 10 |
| Retningsgivande tilskotssatsar .....                                 | 11 |
| Timesatsar .....                                                     | 12 |
| Søknadsfrist.....                                                    | 12 |
| Implementering og revidering .....                                   | 12 |
| Referansar og vedlegg .....                                          | 13 |
| Dokument – ID .....                                                  | 13 |



## Bakgrunn for kommunal tiltaksstrategi

SMIL-forskrifta §8 seier at kommunane skal utarbeide overordna retningslinjer (kommunale tiltaksstrategiar) for prioritering av tilskot knytt til ordninga.

*Rundskriv 19/45 for tilskot til tiltak i beiteområde* seier at dei lokale retningslinjene for ordninga bør sjåast i samanheng og koordinerast med dei lokale retningslinjene for SMIL.

Tiltaksstrategi for begge ordningane går ut i 2024 og det vert laga ein ny strategi i eit felles dokument. Tiltaksstrategien gjeld i utgangspunktet i 4 år om gongen.

### Tiltaksstrategien bygger på følgande overordna nasjonale og regionale planar/føringar:

- Nasjonalt miljøprogram 2023 -2026
- Regionalt miljøprogram for Vestland 2023-2027
- Vassforvaltningsplanen for Vestland vassregion 2022-2027
- Handlingsplan mot framande skadelege artar i Hordaland rapport 2/2018
- Nasjonal pollinatorstrategi - Ein strategi for levedyktige bestandar av villbier og andre pollinerande insekt, 06/2018
- SMIL: Forskrift om tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket, med Rundskriv 2021-18

### Kommunale planar som gjev føringar for strategien er:

- Vossaklima 2030
- Kommuneplanen sist endra 2020
- SNU VOSS STRATEGISK NÆRINGSUTVIKLING I VOSS HERAD Temaplan 2023 – 2030
- Plan for idrett og friluftsliv 2014-2017
- Kulturmiljøplan 2022-2032
- Temaplan Kultur 2024 – 2032
- Plaststrategi og strategi for klimatilpassing

Voss herad har starta arbeid med Naturmangfaldsplan og Beitebruksplan, samt rullering av kommuneplanen. Når desse planane vert vedtatt vil dei kunne ha betydning for vurderingar og prioritering av tiltak knytt til ordningane

Konkrete kunnskapsbasar nytta i tillegg er naturbase.no, Askeladden, vannett. Det årlege forventningsbrevet frå Statsforvaltaren med prioriteringar for gjeldande år vil og kunne ha innverknad på prioriteringane for ordninga.



## Del 1. Spesielle miljøtiltak i landbruket (SMIL)

### Føremål

Tilskot til spesielle miljøtiltak i landbruket skal fremje ivaretakinga av naturen og kulturminneverdiane i jordbruket sitt kulturlandskap, og redusere ureining frå landbruket, utover det som kan forventast som ein del av vanleg jordbruksdrift.

### Hovudmål (jf. regionalt miljøprogram RMP):

Miljøprogrammet i Vestland skal stimulere til å oppretthalde og utvikle eit ope og variert kulturlandskap. Særskilte verdiar i kulturlandskapet skal takast vare på og skjøttast, god agronomi skal fremjast, og ureining og tap av næringsstoff frå jordbruket skal reduserast.

#### Delmål:

- Eit ope og velstelt kulturlandskap
- Bratt jordbruksareal i aktiv drift
- God utnytting av utmarksbeite og aktiv stølsdrift
- Utvalde biologiske og kulturhistoriske verdiar i landskapet blir teke vare på og skjøtta
- Landbruket er klimavenleg og har lite tap av næringsstoff og klimagassar til luft
- Eit landbruk som er tilpassa eit endra klima.
- Minst mogleg tap av næringsstoff frå landbruket til vassdrag

### Utfordringar for landbruket i Voss herad

- Å halde areal i drift i alle delar av kommunen. Det er store geografiske og topografiske skilnader på landbruksarealet i heradet.
- Attgroing av marginale teigar, bratt areal og gamal kulturmark.
- Å oppretthalde eit mangfald av driftseiningar.
- Det er tids- og kostnadskrevjande å ivareta kulturminne/kulturmiljø knytt til landbruket.
- Vassdrag med dårleg vasskvalitet, punktutslepp av ureining frå landbruket og avrenning.
- Å klare å redusere klimautslepp frå jordbruket i Voss.
- Konflikhtar knytt til at mange nyttar innmark og utmark til rekreasjon. Interessekonflikhtar mellom landbruk, friluftsliv og turistnæring.
- Ynskjer å skape tilgjenge og gode opplevingar knytt til jordbrukslandskapet.



## Målformuleringar

|                              | Målformuleringar                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                             |
|------------------------------|--------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|
| Kulturlandskap               | Stimulere til at kulturlandskapet vert halde ope og velstelt og i aktiv drift i heile kommunen. Utnytte verdiane i kulturlandskapet i næringssamanheng når det gjeld utvikling, produksjon og sal av varer og tenester i tilknytning til landbruket. Lokal matkultur og kulturlandskap skal setjast saman til heilskaplege opplevingsprodukt for reiselivet. |
| Biologisk-mangfald           | Ta vare på det biologiske mangfaldet gjennom aktiv landbruksaktivitet, for å sikra det biologiske mangfaldet av artar. Omfattar å legge tilrette for pollinerande insekt, og å fjerne framande artar.                                                                                                                                                        |
| Kulturminne og kulturmiljø   | Ta vare på kulturminne som visar tradisjonell bruk av landskapet som er skapt av dei som har livnært seg der, og såleis gje forankring i historia. Ta vare på verneverdige bygningar for næringsutvikling og historieforteljing.                                                                                                                             |
| Tilgjenge og friluftsverdiar | Kulturlandskapet skal vera ei kjelde til rekreasjon og oppleving, og såleis medverka til identiteten vår. Leggje til rette for auka tilgjenge for ålmenta i jordbruket sitt kulturlandskap ved tilgang til sti- og turvegnett, for å sikre samfunnet sitt behov for rekreasjonsareal.                                                                        |
| Ureining og Erosjon          | Redusera avrenning frå jordbruket som belastningar for vassdrag, drikkevatn og fjord. Hindre tap av næringsemne. Vassførekomstar skal ikkje måtte nedklassifiserast til dårlegare status som følgje av avrenning frå jordbruket. Redusera erosjon i tilknytning til innmarksareal. Tiltak som reduserer effekta av endring i klima.                          |
| Klima-tilpassing             | Bidra til meir klimavennleg landbruk, stimulere til eit landbruk som er mest mogleg basert på lokale ressursar.                                                                                                                                                                                                                                              |

## Tematiske prioriteringar av ordningar/tiltak

### *Planlegging og tilrettelegging av samarbeid om fellestiltak*

Omfattar tiltak for å få ei meir heilskapleg og samordna innsats, og prosessar som sikrar breiast mogleg involvering og forankring i miljøarbeidet.

#### Prioritert tiltak er:

- Utarbeiding av skjøtsels-/forvaltings-/kulturlandskapsplanar som leier fram til konkrete fellestiltak.



### *Tiltak for biologisk mangfald*

Omfattar tiltak som fremjar biologisk mangfald gjennom å ta vare på ville plantar, dyr og pollinerande insekt i kulturlandskapet på gamal kulturmark. Tiltaka skal bidra til å bevare livskraftige bestandar og oppretthalda leveområde for den ville flora og fauna i eller i tilknytning til kulturlandskapet.

Viktige landskapselement for biologisk mangfald er bekkar, vassvegar og vassmiljø, elvelandskap, edellauvskog, urterike og kalkrike slåtteenger, naturbeitemarker, kantsoner, våtmarksområde, innmark på stølsvollar og beiteenger. Lista er ikkje uttømande.

Aktiv skjøtsel av kulturlandskapet som legg til rette for og sikrar leveområda for pollinatorar i jordbruket, som levedyktige bestandar av villbier og andre pollinerande insekt. Dette kan være sikre variert landskap og mangfald av naturtype som gjev tilgang til egna yngleområder, oppvekstområde og mat. Døme kantsonar, slåttemark og naturbeitemark.

Aktuelle tiltak kan vera etablering, istandsetjing, utbetring og skjøtsel av område og landskapselement på gamal kulturmark, som i varetar leveområde for plantar, dyr og pollinerande insekt. Fjerning av framande skadelege arter i jordbrukets kulturlandskap er døme på tiltak for å sikre biologisk mangfald. Tiltak må skje gjennom «Tverrsektoriell nasjonal strategi og tiltak mot fremmede skadelige arter», der det vert prioritert kva artar som bør kjempast i kva område.

### *Prioriterte tiltak er:*

- Restaurering av artsrik slåttemark som har vore i langvarig hevd gjennom regelmessig slått der gjødsling og jordarbeiding må ikkje ha vore praktisert. Areal skal etter restaureringa skjøttast i samsvar med retningslinjer fastsette av Statsforvaltaren, og skal verte registrerte i naturbase.no. Restaurering kan t.d. vere rydding av tre og buskar, rot-fjerning, fjerning av avfall, steinar, strø og mosetuer og innsåing.
- Restaurering og inngjerding av gamle innmarksbeite. Tiltak i område som er nemnde i naturtypekartlegginga av Voss kommune.
- Tiltak skildra i beitebruksplanar.
- Fjerning av framande skadelege artar.

### *Tiltak som tek vare på gamal kulturmark*

Omfattar tiltak som tek vare på kulturrelatert plante- og dyreliv, biologisk mangfald og landskapsbiletet knytt til gamal kulturmark. Eksempel: beitehagar, beitemark, einerbakkar, frukthagar, hasselskog, bjørkehagar, kantsoner/kantslått, styvingslandskap, elvesletter, nyttehagar, tørrenger, stølsvollar og utslåtter.

Aktuelle tiltak kan vera istandsetjing og skjøtsel gjennom beiting, slått, styving eller anna hausting av gamal kulturmark i inn- og utmark.

Restaurering og inngjerding av artsrike, biologisk verdifulle beiteareal som har vore i langvarig hevd utan omfattande gjødsling eller jordarbeiding, t.d. haugar og tørrbakkar. Areal skal etter restaureringa skjøttast i samsvar med retningslinjer fastsette av Statsforvaltaren, og skal verte registrerte i naturbase.no som "naturbeitemark", "hagemark" eller "strandeng".

### *Tiltak som legg til rette for større tilgjenge og auka opplevingsverdi i landskapet*

Omfattar tiltak som aukar moglegheita for rekreasjon og friluftsliv i jordbruket sitt kulturlandskap,



gjennom å leggja til rette for ferdsle til fots og opplevingar.

Aktuelle tiltak kan vera rydding av samanhengande sti- og turnettverk i tilknytning til vegar i kulturlandskapet, som forenklaar tilkomsten til utmark og strandsoner.

Viktige ferdselsstiar er: Driftevegar, ferdselsvegar, kongevegar, kulturlandskapsløyper, kyrkjevegar, postvegar, sleper, støls- og buførevegar, trapper.

### Prioriterte tiltak er:

- Tiltak som førebyggjer konflikt mellom landbruk og ålmenta: Styring av ferdsel med t.d. sjølvlukande grinder og gjerdekliv.
- Tiltak i område der det er gjort eller planlagt andre skjøtseltiltak.
- Rydding av stiar som gjev tilgjenge for ålmenta til natur- og friluftsområde.
- Merking og skilting av stiar i kulturlandskapet.

### *Tiltak som tek vare på kulturminne og kulturmiljø*

Omfattar vedlikehald, istandsetjing, bevaring og planlagt bruk av automatisk freda, verneverdige bygningar, kulturminne eller kulturmiljø. Kulturminne er alle spor etter menneskeleg aktivitet i vårt fysiske miljø og lokalområde som det er knytt historiske hendingar, tru og tradisjon til. Eit kulturmiljø er eit område der kulturminne går inn som ein større heilskap eller samheng. Alle kulturminne frå før 1537, og bygningar dokumentert frå før 1650, er automatisk freda. Andre kulturminne kan fredast ved spesielt vedtak. Freda kulturminne vert forvalta av Fylkeskommunen.

Aktuelle tiltak er skjøtsel av verneverdige bygningar er buer og loft, glasstover, handelsstader, husmannsplassar, klyngetun, lør med høy- og kornbrot/stall, rekkjetun, røykstover, smier, stølsmiljø, vassdrivne sager, vognhus, tømra hus, utløer og vårflorar.

Aktuelle kulturminne og kulturmiljø er bakkemurar, eldhus, fangstinnretingar, gjerder, gravrøyser/-haugar og helleristingar, hellerar, hustuffer, ishus, jernvinner, kai-anlegg, kaldeholer, kolmiler, korntørker/tørkestover, kraftstasjonar, kvernhus, laksegiljer/lakseskjær/andre fiske- og fangstinnretingar, løypestrengar, mjølkeramper, møller/stampehus, namnesteinar, naust, oppgangssager, rydningsrøyser, smier, stabbesteinar, stabbur, stamper, steinbuer, steingardar, stemmer, stølshus, steinstolpar, torvtak, troskykkjer, tufter, utløer, vardar og vårflorar. Lista er ikkje uttømande.

### Prioriterte tiltak er:

- Restaurering av kulturminne på innmarksareal i område regulert etter Plan og bygningslova som spesialområde eller omsynssone "kulturmiljø".
- Restaurering av verneverdige bygningar i kulturmiljø, eksempel:
  - Gamle landbruksbygg som skal takast i bruk til ny næring eller som inntektskjelde.
  - Stølsmiljø
  - Klyngetun, rekkjetun, husmannsplassar, handelsstader.
  - Automatisk freda gravminne og gravfelt på innmarksareal.
  - Steingardar på innmarksareal, som er minst 75 cm høge.
  - Restaurering av verneverdige byggverk knytt til særskilde driftsformer.



## Ureining, avrenning til vatn, flaumførebygging, erosjonstiltak

Omfattar tiltak som reduserer risikoen for erosjon på jordbruksareal, som reduserer avrenning av næringsstoff frå jordbruksareal, eller som reduserer utslepp frå jordbruket til jord, luft og vatn. Avrenning til vatn: utbetring og supplering av hydrotekniske anlegg, kumdammar, gjenopning av bekkelukkingar m.m. Erosjonssikring av elve- og bekkekantar, flaumdempende tiltak m.m. Flaumdempende tiltak er tiltak som seinkar avrenning og som ved kraftig nedbør kan redusere flaumtoppar og erosjon.

Fangdammar, andre økologiske reinsetiltak. Aktuelle tiltak er etablering av fangdammar, våtmarksområde, reinseparkar og vegetasjonssone for reinsing og beskyttelse. Andre tiltak: Dekke over eksisterande gjødsellager: Det vert stilt krav til at tiltaket har varig karakter tilpassa det aktuelle lageret. Området som er ein del av oppfølging av vassforskrifta er prioritert.

### Prioriterte tiltak er:

- Utbetring og supplering av hydrotekniske anlegg.
- Skjøtsel av funksjonelle kantsone frå dyrkajord til vassdrag/miljøplanting.
- Bygningsmessige miljøtiltak, tilskot til dekke over gjødselkum .
- Restaurering av høgmyr

## Tiltak for realisering av klimatiltak og klimatilpassing

Omfattar tiltak som kan bidra til klimatilpassing og reduserte klimautslepp frå landbruket. Dette kan vere tiltak for karbonlagring i jord, meir klimavennlege drifts- og produksjonsmetodar tilpassa Vossalandbruket. Samarbeidsprosjekt for å utvikle ny kunnskap og «beste praksis» Andre energi- og klimatiltak jf. Vossaklima 2030

### Val av særskilde tema-år:

Det kan vere aktuelt å prioritere særskilde årlege tema. Dette vert gjort i samarbeid med faglagar i landbruket, og på bakgrunn av t.d. prioriteringar frå fylkesnivå. Tilskotsordninga kan sjåast i samband med pågåande regionale utviklingsprosjekt i fylket og utfordringar. I heradet er prosjekt som omfattar pågåande prosjekt som «Lys i gamle hus» og realisering av sirkulærøkonomi i landbruket t.d. tiltak ved etableringar i tilknytning til biogassanlegg på Bjørke og Bioparken aktuelle. Heradet kan sette av ein prosentdel av tilskotet til prioriterte tema.

Omfang av tilskot siste 6 år:

| År          | 2019 | 2020 | 2021 | 2022 | 2023 | 2024   |
|-------------|------|------|------|------|------|--------|
| Sum 1000 kr | 720' | 785' | 700' | 900' | 950' | 1 170' |

(2019 er Granvin og Voss til saman)

Voss herad mottar om lag 20-30 søknadar årleg. Om lag halvparten har dei siste åra vore til kulturminne/kulturmiljø, vesentleg bygningar, ca. ¼ del til landskapsskjøtsel og resten til andre prosjekt; erosjon, samarbeidsprosjekt m.m. Det er langt fleire søknader enn ein kan gje tilskot til etter maks tilskotssats.

### Retningsgivande tilskotssatsar for berekning av SMIL-kostnader



| Miljøtema                                                     | Tiltak - døme                                                                                                                  | Tilskots-<br>% inntil            | Maks. kostnad pr. eining,<br>eller reell kostnad                                    |
|---------------------------------------------------------------|--------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|----------------------------------|-------------------------------------------------------------------------------------|
| Biologisk mangfald                                            | Restaurering av slåttemark<br>Restaurering artsrikt beiteareal<br>Gjerding<br>Fjerning av framande organismar                  | 100 %<br><br><br>70 %            | Kr 3 500 pr. daa – vurdere ny sats<br><br><br>Kr 140 pr. meter                      |
| Fellestiltak: Planlegging og tilrettelegging                  | Samarbeid om tiltak med miljø, natur, klimamål                                                                                 | 70 %                             | Vert fastsett etter konkret vurdering frå kommunen i den einskilde saka             |
| Kulturminne, kulturmiljø, bevaringsverdige bygg (ikkje freda) | Steingardar<br>Freda gravminne, gravfelt<br>Stølsmiljø, Naustmiljø<br>Klyngetun, rekkjetun<br>Handelsstader<br>Husmannsplassar | 70 %<br><br><br>70 %<br><br>70 % | <br><br><br>Vert fastsett etter konkret vurdering frå kommunen i den einskilde saka |
| Gamal kulturmark                                              | Restaurering av beite<br>Gjerding utover vanleg drift                                                                          | 70 %<br>70 %                     | Inntil kr 3 500 pr. daa<br>Kr 140 pr. meter                                         |
| Tilgjenge, opplevings-kvalitet                                | Sti rydding<br>Skilting<br>Gjerdeklyv/ganggrind                                                                                | 50 %                             | Stirydding: Kr 50/meter                                                             |
| Ureining                                                      | Bygningsmessige miljøtiltak, tak på gjødselkum<br>Hydrotekniske anlegg<br>Erosjonssikring<br>Økologiske reinsetiltak           | 20 %<br><br>70 %<br>70 %         | <br><br>Inntil 1000kr/meter                                                         |
| Klimatiltak                                                   | Praktiske tiltak i tråd med mål i Vossaklima                                                                                   | 50%                              | Vert fastsett etter konkret vurdering frå kommunen i den einskilde saka             |

**Timesatsar:**

*Eige arbeid:* Manuelt arbeid kr 350 pr. time (inkl. motorsag o.l.)  
Arbeid traktor 800 kr/time  
Arbeid gravemaskin 800kr/time (eller etter rekning)

*Innleigd arbeid:*

Faktisk kostnad etter faktura.

**Søknadsfrist for SMIL**

Søknadsfrist **1. april**. Eventuelt ny frist 1. september dersom det er ubrukte midlar.

**Del 2. Tilskot til tiltak i beiteområde****Føremål**

Føremål med tilskotet er å legge til rette for best mogleg nytting av beite i utmark, redusere tap av dyr på utmarksbeite og fremje fellestiltak i beiteområda.



## Beitebruk i Voss

Utmarksressursane i Voss herad er viktig for husdyrhaldet i Voss. Det er 15 organiserte beitelag og det vert slept om lag 30 000 småfe og 3000 storfe i utmarka årleg. Utmarksbeitinga har ein stor økonomisk verdi for husdyr næringa og ein stor kulturell verdi for samfunnet. Ein stor del av husdyrbøndene nyttar utmarksbeite, og det kjem dyr frå andre kommunar som går på utmarksbeite i Voss. Av dei 145 føretaka som søker om produksjonstilskot til sau i Voss herad har 75% av besetningane under 80 vinterføra dyr. Det viser at også dei mindre besetningane er viktige for bruken av utmarksbeite, tilsyn og sanking.

## Utfordringar

Beitelaga melder gjennom rapportering i OBB (organisert beitebruk) om utfordringar med m.a. lause hundar og rev. Det er og eit utfordring med færre brukarar i næringa, sjølv om det totale talet beitedyr har helde seg på same nivå over tid. Færre bønder gjev færre som fører tilsyn i fjellet. Godt miljø, samarbeid og fagleg utvikling er og viktig for å halde ei aktiv beitenæring. Det er mykje kunnskap knytt til god nytting av utmarksbeite og aktive miljø er viktig å vidarebringe dette i næringa. Tap på beite held seg under 4%.

## Midlar til beitelaga

Gjennom OBB får beitelaga no kr 30 pr småfe og 35 pr storfe som er sleppt på beite. Dette gjer at beitelaga samla får vel 1 million kr i 2024 til drift av beitelaget. Årleg er dette vel ein million til saman fordelt på beitelaga.

Kommunane overtok handsaming av beitetilskotet i 2020 frå Statsforvaltaren.

Tilskot til tiltak i beiteområde: Omfang av tilskot til beitelaga siste 5 åra.

| År          | 2020 | 2021 | 2022 | 2023 | 2024 |
|-------------|------|------|------|------|------|
| Sum 1000 kr | 224' | 175' | 280' | 280' | 265' |

Eit fleirtal av beitelaga søker årleg, og det er ikkje nok pengar til alle søknadane.

## Målformuleringar

| Tema                                       | Målformuleringar                                                                                                                                                                                                                      |
|--------------------------------------------|---------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|
| Nytting av utmarksbeiteressursar i heradet | Legge til rette for og stimulere til at utmarksressursane vert nytta til aktiv drift i heile kommunen. Bidra til tenleg infrastruktur, samarbeid og å redusere flaskehalsar som vanskeleggjer nytting av beite                        |
| Dyrevelferd for buskap på beite            | Sikre dyrevelferd til dyr på utmarksbeite/fjellbeite, lette tilsyn, førebygge tap og sikre dyra mot farlege område.                                                                                                                   |
| Fremme fellestiltak i beiteområda          | Utvikle gode beitebruksplanar. Tiltak som fremjar samarbeid og fellesskap. Kan vere verdier knytt til bruk av utmarksbeite som landskap, biologisk mangfald, kultur, tradisjonar og andre verdier knytt til beitelandskapet i fjellet |

## Tematiske prioriteringar av ordningar/tiltak



### **Faste og mobile investeringstiltak som kan få tilskot:**

Tilskot til investeringar i faste installasjonar og anna utstyr knytt til beitebruk. Innanfor disse rammene kan tilskot gjevast til alle tiltak som fremjar bruken av beite i eit område.

- Sperregjerder
  - Et sperregjerde skal hindre at beitedyr reiser ut av beiteområdet. Sperregjerder kan tene til å avgrense beiteområdet mot veg, jernbane, tettbygde strok og samanhengande jordbruksområde. Det vert ikkje gitt tilskot til gjerder som fell under *lov om grannegjerde*.
- Ferister
  - Ferister bør være av godkjent fabrikat eller bygd etter standardteikningar.
- Bruer
  - Tilskot til bruer som er dimensjonert for føring av beitedyr. Dersom bruene er kraftigare dimensjonert kan kostnadsoverslag eller tilskotsandel verte redusert tilsvarande.
- Gjetarhytter
  - Kostnadsoverslag for gjetarhytter kan omfatte hytter på inntil 20 m<sup>2</sup> med kvadratmeterpris tilsvarande gjennomsnittleg kostnad for hytter av enkel standard i det aktuelle området.
- Sanke- og skilleanlegg
- Anlegg/rydding/ utbetring av drifteveier
- Saltsteinsautomatar
- Transportprammar
- Elektronisk overvakingsutstyr (radiobjøller, lammenoder, merkeavlesarar, findmysheep mv. I område med særskilt dårleg dekning, kan tilskot til felles basestasjonar også vere aktuelt)
- Elektronisk gjerde (for eksempel av typen Nofence) vert vurdert på linje med anna sporingsutstyr.

Det er ein føresetnad for tilskot til faste installasjonar at det vert innhenta løyve frå eller avtaler med grunneigarar eller andre som har rettigheter i det aktuelle beiteområdet, og som kan tenkjast å verte rørt av tiltaket.

Det kan ikkje gjevast tilskot til same type investeringstiltak før etter 20 år for hytter og 15 år for andre faste installasjonar.

### **Planleggings- og tilretteleggingsprosjekt**

Gjeld ulike typar prosjekt som retter seg mot organisering og tilrettelegging av utmarksbeita for god og effektiv beitebruk. Dette kan m.a. omfatte:

- Planlegging og prosjektering av faste installasjonar.
- Ny organisering av beitelag og utmarksbeiteområder.
- Prosjektretta arbeid for stimulering til auka beitebruk og rasjonell nytting av beita.
- Tidsavgrensa utprøving av nytt utstyr som kan bidra til effektiv og god beitebruk.
- Utarbeiding av planar (tiltaksplan, beredskapsplan mv.) for utmarksbeite.
- Vegetasjonskartlegging av beiteområde.

### **Retningsgivande tilskotssatsar**

Kommunen vektlegg søkar sin eigenfinansiering (målt i kroner eller eigeninnsats) som eit kriterium for prioritering av søknader. Meir kostnadskrevjande tiltak vert prioritert.



| Område                                        | Tiltak - døme                                                                                                 | Tilskotsprosent                                                | Merknad                                                                                                                |
|-----------------------------------------------|---------------------------------------------------------------------------------------------------------------|----------------------------------------------------------------|------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|
| Elektronisk sporingsutstyr                    | radiobjøller, lammenoder, merkesavlesarar, findmysheep mv. Nofence e.l tilskot som til sporingsutstyr         | Fast sum pr eining, vert justert med prisnivå og søknadsomfang | Prioritert; beitelag som har mindre omfang av sporingsutstyr; under 20% av beitedyra. Kostnad: innkjøpspris for utstyr |
| Faste installasjonar                          | Sanke og skiljeanlegg Bruer dimensjonerte for dyr og folk Kostnadskrevjande sperregjerder                     | 40%                                                            | Kostnad: materialkostnader og arbeidskostnader. Eige arbeid dokumenterast med timelister.                              |
| Faste og meir kostnadskrevjande investeringar | Kraftigare dimensjonert bruer, meir kostnadskrevjande tiltak i hegner                                         | 20%                                                            | Kostnad: materialkostnader og arbeidskostnader. Eige arbeid dokumenterast med timelister.                              |
| Planleggingstiltak                            | Tiltak for utvikling av planleggingstiltak, større investeringar. Andre tiltak som fremmer beitebruk i utmark | 70%                                                            | Vert fastsett etter konkret vurdering frå kommunen i den enskilte saka                                                 |

## Timesatsar

### Eige arbeid:

Manuelt arbeid kr 350 pr. time (inkl. motorsag o.l.)

Arbeid traktor 800 kr/time

Arbeid gravemaskin 800kr/time (eller etter rekning)

### Innleigd arbeid:

Faktisk kostnad etter faktura.

## Søknadsfrist

Søknadsfrist **1.mars kvar år**.

Søknaden skal fortrinnsvis leverast elektronisk i Agros via Altinn. Det er leiar i beitelaget som søker.

## Implementering og revidering

Avdeling for byggesak og næring har ansvar for sakshandsaming av søknader etter desse ordningane og har ansvar for å implementere tiltaksstrategien i dette arbeidet. Avdelinga har og ansvar for å revidere strategien når perioden er ferdig.



## Referansar og vedlegg

Forskrift om tilskudd til tiltak i beiteområder, FOR-2013-02-04-206

## Dokument – ID

Utarbeidd av: *Avdeling for byggesak og næring*

Godkjend av/dato:

Revidert:

Neste revisjon:

Saksnummer: